

Sivert Kjærland.

Ein bygdehovding
fyller år.

Ein stolpe under politisk og nasjonal radikalisma i Kvinnherad fyller 80 år 23. februar. Det er Sivert Kjærland.

Han vaks opp og mannast i ei tid då maten var berre halve føda. Det var brennande ånds- og samfundsspørsmål som var det fremste den gongen. I politikken galdt det norsk sjølvhevdning mot stor-svensken og den danske målunionen. Det var folkevilje mot kongemakt, demokrati mot embetsmannsvelde. Og i åndslivet var det den individuelle fridomen det stod om, retten til å rå over seg sjølv, og retten til fri tanke, ubunden av dogme og doktrin.

Det var Wergelandsprogrammet som var blitt det store samlingsmerke, ein mannsalder etter at opphavsmannen var komen under torva. Og den unge Sivert Kjærland tok imot dette programmet som åkeren tek imot såd. Det vart til liv i han. Men for han vart vinstrepolitikken meir ei voksterlina enn eit standpunkt, difor er 80 åringen i dag ein god mon meir radikal enn partiet hans er.

Men det som mest har gjort Sivert Kjærland til eit sersyn, det er dei sterke litterære interessone hans. I ungdomen reiste han ein gong eins ærend til Bergen fordi han vilde sjå «Brand» på Det gamle teateret. Det drog han so han kunde ikkje lata vera, endå turen kosta noko slikt som ein heil lambeskrott. Men det at han ikkje hadde anna ærend, det våga han ikkje fortelja til nokon før lenge etterpå.

Det kan godt vera at det finst bønder i Kvinnherad som har lese meir enn Kjærland; men det finst visseleg ingen som kan den klassiske litteraturen vår betre enn han. Han kan salta og peppa den mest daglegdagsé samtalen med sitat av dei fire store. Han er like kjend i Vinjeskriftene som han er på heimebøen sin. Han har grave som ein skatteleitar i den klassiske bokheimen vår, og teke imot visdomen der på same måten som han tok Wergelandsprogrammet. Det han fann vart til liv inne i han sjølv. Det forma livssynet hans og gav det ei vidd og ei spennkraft som er sjeldsynt.

No går han heime på garden sin og er eit døme på at 80 år er in-

gen alder for ein ungdom. Håret hans minner om snøen på Ulvenosi, men enno er han levande med i det som hender, heime og ute. No som før er han alltid å finna på vinstre vengen i dag-sens strid. Det han ein gong gav elsken sin til, det brenn han for enno. Og so lenge han det gjer, so lenge er mannen ung — same kva kyrkjebøki seler.

Me er mange som ynskjer han gode år frametter.

RAGNVALD VAAGE.